



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Formannskapssalen, Stord rådhus
Dato: 24.09.2019
Tidspunkt: 14:00 – 18.15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Inge Øpstad	Peggy Husevik Bærøy	AP

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Gaute Epland	Ordførar (Sak PS 38/19)
Magnus Mjør	Rådmann (Sak PS 38/19)
Willy Hauge	Partner i KPMG (Sak PS 36/19 – PS 45/19)
Magnus Heggen	Forvaltningsrevisor i KPMG (Sak PS 36/19 – PS 45/19)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv.

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 36/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 37/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 38/19	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden		2015/175
PS 39/19	Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune		2016/90
PS 40/19	Revisjonsplan 2019 for Stord kommune		2015/178
PS 41/19	Forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - oppfølging		2017/108
PS 42/19	Selskapskontroll Podlen verkstad AS - status i arbeidet		2019/34
PS 43/19	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Bestilling av prosjektplan		2015/181
PS 44/19	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 - Bestilling av prosjektplan		2015/180
PS 45/19	Bestilling		2015/181
PS 46/19	Budsjett 2020 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune		2015/179
PS 47/19	Orientering om to tilsyn - vilkårsparkeering og arkiv		2014/298
PS 48/19	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 49/19	Referatsaker		
RS 18/19	Epost fra Stord kommune		2016/91
RS 19/19	Rekneskapsstatus pr. august 2019 for kontrollarbeidet i Stord kommune		2015/179
RS 20/19	Kom.st. partsbrev - Psykisk helsearbeid og rusomsorg - forvaltningsrevisjonsrapport.		2018/77
RS 21/19	KST 20.06.19 - PS 27_19 - årsmelding og årsrekneskap 2018 for Stord kommune - saksprotokoll		2015/178
RS 22/19	KST 20.06.19 - PS 28_19 - årsmelding og årsrekneskap 2018 for Stord hamnestell - saksprotokoll		2015/178
RS 23/19	KST 20.06.19 - PS 32_19 - Budsjettrevisjon 1. tertial 2019 - saksprotokoll		2015/178
RS 24/19	KST 20.06.19 - PS 42_19 - politisk organisering valbolken 2019 - 2023 - saksprotokoll		2015/177
RS 25/19	KST 20.06.19 - PS 43_19 - Reglement for godtgjersle til folkevalde i Stord kommune for valbolken 2019-2023 - saksprotokoll		2015/179
RS 26/19	KST 20.06.19 - PS 45_19 - Revidert eigarskapsmelding 2019-2020 - saksprotokoll		2015/180
RS 27/19	Fylkesmannen om kommuneproposisjonen		2015/178
RS 28/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019		2019/13
PS 50/19	Eventuelt		

PS 36/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 37/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 14.05.2019.

Vedtak:

Protokoll frå møte 14.05.2019 vart godkjent.

PS 38/19 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet, saman med ordførar, rådmann, revisor og sekretariat føretok evaluering av arbeidet i kontrollutvalget i valperioden 2015 - 2019. Resultatet av evalueringa vart slik:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Fungert bra. Arbeidar relativt effektivt. Godt førebudd. Medlemmane har møtt på dei fleste møta. Godt å støtta seg til saksførebuinga frå sekretariatet og revisjonen. Møtet gjennomført med god tone, sjølv om det evtnt. er alvorlege saker. Arbeida meir med grenseoppgang ift. kva saker utvalet bør ta. Prioritera viktige saker. Viktig å kommunisera kvifor ein går inn i eit kontrollarbeid.

2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ok med 5-6 møter pr. år.
3	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Ordførar synest kontrollarbeidet vert utført på ein ryddig og god måte. Evt. sjå på grensesnittet – kva ein går inn i.
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Ligg på eit tilfredsstillande nivå no, og det er viktig å oppretthalda.
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Rådmann: ok – godt inntrykk av KUV. Sjå elles pkt. 13 og 16.
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Det er grei forståing for KUV si rolle. Grei ansvarsdeling.
7	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Ja – grei ansvarsdeling.
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Kontrollutvalet ønskjer at utvalsmøtene (innkalling og møtebok) er å finna på same nettside som dei øvrige utvala.
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Gjerne synleggjera kontrollutvalet med å invitara seg ut til kommunale verksemder / kommunal arbeidsplassar. Sjå elles pkt. 16.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Fungerar godt. Revisjonen er flinke med å rettleia / opplysa. Dei har hatt greie kurs.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Rådmann: Fungerar bra. Utvalet meiner det same.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Fungert godt. God kunnskap. Godt samanlikningsgrunnlag opp mot andre kommunar. Ryddig. Godt førebudd. Gode forklaringar. Gode saksframstillingar. Gode råd. Diplomatisk. Raus.
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	Ikkje ønskt at utvalet skal vera eit «konfliktråd». Ikkje klageorgan. Ikkje organ for politiske omkampar. Ikkje organ for oposisjonspolitikk. Normalt ikkje inn i saker som er til klagehandsaming eller i domstol. Henta inn alle perspektiv. Kontrollarbeid framfor partipolitikk.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstrekkeleg ressursar til opplæring.	«Solstrand-samling» for kontrollutvala i Hordaland (Ved oppstart av valperioden og midt i valperioden) var bra. Greitt å treffa utvalsmedlemmar frå fleire kommunar.
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	Ja. Ja. Gjerne v/ nokre av dei tre i kontrollutvalet som er med i det nye kommunestyret.
16	Anna	Mange statlege tilsyn ift kontrollutvalet sitt arbeid. Nasjonal tilsynskalender vert arbeidd med, for å sjå heilskapen ift. kontroll og tilsyn overfor kommunane. Obs framlegginga av saker frå kontrollutvalet i kommunestyret – framlegging av kontrollutvalsleiar, like så gjerne som at revisjonen legg desse fram?

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

PS 39/19 Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Stord kommune**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Willy Hauge, vedr. om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019**Handsaming i møtet:**

Partner i KPMG, Willy Hauge, orienterte om at denne eigenvurderinga er ift. noverande kommunelov.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Willy Hauge, vedr. om KPMG AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

PS 40/19 Revisjonsplan 2019 for Stord kommune**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå KPMG til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019**Handsaming i møtet:**

Partner i KPMG, Willy Hauge, hadde ein grundig gjennomgang av revisjonsplanen, og gav uttrykk for ønskje om evt. innspel frå utvalsmedlemmane. Utvalet stilte spørsmål og gav kommentarar undervegs.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå KPMG til orientering.

PS 41/19 Forvaltningsrevisjon om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - oppfølging

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar kommuneadministrasjonen for oppfølging i etterkant av forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging, og seier seg nøgd med oppfølgingsarbeidet.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet la inn ei forventning i vedtaket.

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtaket:

Kontrollutvalet takkar kommuneadministrasjonen for oppfølging i etterkant av forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging, seier seg nøgd med oppfølgingsarbeidet, og har forventningar om at handboka vert nytta aktivt ifm. prosjekt.

PS 42/19 Selskapskontroll Podlen verkstad AS - status i arbeidet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i KPMG, Magnus Heggen, orienterte. Dei er godt i rute med revisjonen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtaket:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 43/19 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber KPMG innen 06.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:

- a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Stord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
- b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet og sekretariatet gav innspel om forventningar til analyse- og planarbeidet, prosess og ressursbruk.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber KPMG innen 06.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Stord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - d. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.

PS 44/19 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber KPMG innen 06.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - e. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Stord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - f. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet og sekretariatet gav innspel om forventningar til analyse- og planarbeidet, prosess og ressursbruk.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber KPMG innen 06.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - g. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Stord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - h. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggest fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggest fram for kommunestyret i juni 2020.

PS 45/19 Bestilling

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Etter sams drøfting valde utvalet å få gjennomført forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming. Dette med utgangspunkt i gjeldande i plan for forvaltningsrevisjon, og tilhøyrande analyse. Det var og litt drøfting ift. deltema. Ut frå kontrollutvalet sitt budsjett vert det oppstart av revisjonen dette året og ferdigstilling neste år.

Punkt 3 nedanfor er uttrykk for at utvalet ønskte å koma godt i gang dette året.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming.
2. KPMG vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen. Før godkjenning av planen skal utvalsmedlemmane ha fått høve til å gje sine merknader, med svarfrist på to dagar.
4. Prosjektplanen vart lagt fram som referatsak i neste møte.

PS 46/19 Budsjett 2020 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett inkludert endringer som blir gjort i møtet. Budsjettforslaget vert sendt Stord kommune for vidare handsaming.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett inkludert endringer som blir gjort i møtet. Budsjettforslaget vert sendt Stord kommune for vidare handsaming.

PS 47/19 Orientering om to tilsyn - vilkårsparkering og arkiv

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjon om tilsyn innan vilkårsparkering og arkiv til orientering.
2. Utvalet ber om endeleg tilsynsrapport frå Statens vegvesen om vilkårsparkering Stord kommune når den ligg føre, samt svar frå kommunen på denne og tilsynsinstansen sine tilbakemeldingar.
3. Utvalet ber og om å få Arkivverket sin tilbakemelding på kommunen sitt skriv av 23.08.19 om utbetring av pålegg , når tilbakemeldinga ligg føre.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Vedr. vilkårsparkering.

Kontrollutvalet registrerte at gebyrblanketten ikkje inneheld punkt vedkomande parkeringsur / parkeringsskive.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjon om tilsyn innan vilkårsparkering og arkiv til orientering.
2. Utvalet ber om endeleg tilsynsrapport frå Statens vegvesen om vilkårsparkering Stord kommune når den ligg føre, samt svar frå kommunen på denne og tilsynsinstansen sine tilbakemeldingar.
3. Utvalet ber og om å få Arkivverket sin tilbakemelding på kommunen sitt skriv av 23.08.19 om utbetring av pålegg , når tilbakemeldinga ligg føre.

PS 48/19 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Det var refleksjonar rundt nokre einskiltsaker.
Rett dato for siste gjennomgatte protokoll i NMK er 28.08.19.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 49/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Refleksjonar rundt nokre av referatsakene.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

PS 50/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 24.09.2019

Handsaming i møtet:

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) – Brev av 01.07.19 til kommunar og fylkeskommunar.
FKT har sendt brev til kommunane om komande val av kontrollutval, der det er særskilte valreglar. Det inneheld og informasjon om folkevaldopplæring. Brevet vart delt ut til utvalsmedlemmane til orientering.

Kurs om internkontroll 11.09.19.

Kontrollutvalet hadde engasjert KPMG til å halda kurs om internkontroll, som del av fastprisavtalen med selskapet. Det var 16 deltakara og god tilbakemelding.

Siste møte i valperioden.

Utvalseiaren takka utvalet, revisjonen og sekretariatet for godt samarbeid og samspel i valperioden. Han var og litt innom tema henvendingar. Det var gode ord attende. Elles vert det vist til sak PS 38/19 med evaluering av arbeidet i valperioden.

Vedtak:

Ingen vedtak fatta i saka.